

Tvisteløysingsnemnda

etter arbeidsmiljølova

Vedtaksdato: 21.10.2013

Ref. nr.: 13/23336

Saksbehandlar: Helene Nødset Lang

VEDTAK NR 54/13 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Tvisteløysingsnemnda heldt møte torsdag 17. oktober 2013.

Ved behandling av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

Faste medlemmer

Henning Harborg, leder

Anne-Lise H. Rolland, oppnevnt etter forslag fra LO

Anders Stenbrenden, oppnevnt etter forslag fra NHO (vara for Elisabeth Lea Strøm)

Særskilde oppnemnde medlemmer

Tore Dahlstrøm, NSF

Gry Brandshaug Dale, KS

Saka gjeld

Tvist om førerrett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B kommune

Det vart treffe slikt vedtak:

Saksframstilling

A er utdanna sjukepleiar og arbeider i dag på psykiatrisk dagsenter i B kommune. Ho hadde fast stilling på 20 prosent. B kommune lyste ledig ei stilling på 66 prosent som miljøterapeut den 22. mars 2013. Kompetansekrav til stillinga var vernepleiar eller anna helse- og sosialfagleg høgskuleutdanning. Søknadsfristen var 21. april 2013 og A søkte på stillinga 8. april 2013 og deltok på to intervju.

Tilsetjingsnemnda tilrådde etter møte 27. juni 2013 at ein ekstern søkjar vart tilsett som miljøterapeut i stillinga. Ho var utdanna lærar men hadde lang erfaring som miljøterapeut og som lærar for personar med særskilde behov. Fagforbundet leverte uttale 21. juni 2013 om at A hadde førerrett til stillinga. Dei sendte og eit brev til rådmannen same dag og bad om eit drøftingsmøte. Søknaden vert avslått i brev av 10. juli 2013.

A fekk utvida stilling til 40 prosent ved dagsenteret etter tilbod datert 14. juni 2013.

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda av A og Fagforbundet ved brev datert 28. juni 2013. Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev av 28. juni 2013 med vedlegg
- brev av 3. september 2013 med vedlegg
- brev av 9. september 2013 med vedlegg

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev av 21. august 2013 med vedlegg
- brev av 8. oktober 2013

Utsegn frå arbeidstakar

A gjer gjeldande at ho hadde førerrett til stillinga som miljøterapeut og fører i det vesentlege fram:

Vedkomande som vert tilsett i stillinga er lærarutdanna og ikkje vernepleier eller anna helse- og sosialfagleg høgskuleutdanning, og ho var ikkje tilsett i B kommune tidligare.

A er utdanna sjukepleiar og dette er innanfor kompetansen kommunen ynskte til stillinga. Referansen ho ga i søknaden har ikkje blitt kontakta. Ho har god erfaring med personar med særskilde behov då ho har ein multihandicappa som og er tilsett ved dagsenteret. Det vil ikkje vere noko problem at ho arbeider på same plass. Ho har bevisst ikkje søkt stilling i same bufellesskap og ho kan ikkje sjå at det vil vere problematisk andsynes kollegaene heller.

A var klar over at ho søkte på ein jobb i turnus. Det var jobb i pleie og omsorg ho ikkje var interessert i.

A aksepterte utvidinga til 40 prosent stilling ved dagsenteret av di ho hadde fått avslag på stillinga som miljøterapeut og at ho hadde vore i tvil om dette av di ho ynskte 60 prosent utviding.

Utsegn frå arbeidsgivar

B kommune gjer gjeldande at A ikkje hadde førerrett til stillinga og fører i det vesentlege fram:

Dei to stillingane er forskjellige. Stillingane er plassert under same einingsleiar, men innan ulike tenestoområde og med eigen avdelingsleiar. Oppgåvene er forskjellige sidan dagsenteret gjennomfører turar og aktivitetar som lågterskeltilbod som er ope for alle brukarane. Stillinga som miljøterapeut er ei yting som blir gitt brukarane etter søknad og inneber stell og bistand til brukarane i kvardagen. Søkjarane blei difor vurdert opp mot kvarandre på bakgrunn av utdanning, erfaring, søknad, intervju og referansar.

B kommune gjer gjeldande at A ikkje er kvalifisert for stillinga av di ho ikkje er personleg egna for stillinga. Det er gjort ei samla vurdering av begge dei aktuelle søkjarane der den innstilte søkjaren kom best ut. A verka ikkje motivert for stillinga, ho ville ikkje arbeide turnus og ynskja ikkje oppgåver knytt til stell og pleie av pasientar. Dette kom fram under intervjuet, og det var tydeleg at A eigentleg ynskta auke av stillinga si ved dagsenteret.

I tillegg før arbeidsgivar fram at A har ein son som er brukar ved basen og at dette kunne skape rolleforvirring og usikkerhet blant personalet. Dette vert teken opp med A under intervjuet, men ho kunne ikkje sjå at dette kunne bli eit problem. Avdelingane er no slått saman.

Twisteløysingsnemndas merknader

Arbeidsgivar og arbeidstakar kan bringe tvist om førerrett inn for tvisteløysingsnemnda, jf arbeidsmiljølova § 17-2 (1) og § 14-3 (4).

Arbeidsmiljølova § 14-3 (1) seier at deltidstilsette har førerrett til utvida stilling framfor at arbeidsgivar tilsett ein ny arbeidstakar i verksemda. Det presiserast i forarbeida til lova (Innst. O. nr. 100 for 2004-2005 pkt. 17.2) at førerretten etter § 14-3 gjelder stillingar med om lag dei same arbeidsoppgåvene som den deltidstilsette allereie utfører. Dette er og lagt til grunn i nemndas praksis.

Slik saka er opplyst forstår nemnda det slik at den utlyste stillinga som miljøterapeut ikkje har om lag dei same arbeidsoppgåvene som dei arbeidstakar utfører i sin faste stilling ved Dagsenteret for brukarar i psykiatrien. Stillinga som miljøterapeut inneber vesentleg meir bistand i form av praktiske oppgåver og pleie samt rettleiing av både brukar og pårørande. Nemnda finn difor at A ikkje hadde førerrett til den utlyste stillinga.

Nemnda finn etter dette ikkje grunn til å ta stilling til om A er kvalifisert for stillinga som miljøarbeidar eller om det vil føre med seg vesentlege ulempe å utvide A si stilling.

Konklusjon

Arbeidstakar får ikkje medhald.

Tvisteløysingsnemnda

Henning Harborg
leiar

Oslo, 21.10.2013

Til orientering:

Tvist om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

”Frist for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker fra det tidspunkt nemndas avgjørelse foreligger”, jf arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.